

Saksbehandlar: Jo-Andreas Lunde Meisfjordskar, Nærings- og kulturavdelinga
Sak nr.: 16/1608-5

Regionale utviklingsmidlar 2016 - fordeling 3

Behandling:

Fylkesdirektøren rår hovudutvalet for næring og kultur til å gjere slikt vedtak:

1. Framtidsfylket AS får tilskot på 200 000 kr til fylkesdekkande karrieremesser i Bergen, Oslo og Trondheim i 2017.
2. Framtidsfylket AS vert støtta med 150 000 kr til produksjon av magasinet #Utanfilter.
3. Søknaden frå Kystskogbruket vert støtta med 225 000 kr for å dekkje fylkeskommunen si deltaking i prosjektet for 2016 og 2017.
4. Stiftinga Singerheimen får 150 000 kr til utgreiingsarbeid i samband med vidare utvikling og drift av Singerheimen.
5. Sogn regionråd og Ungt Entreprenørskap får tilskot på 50 000 kr til Entreprenøriell Verktøykasse
6. Tilskota vert finansiert slik:
 - a. Tilskotet til Framtidsfylket AS karrieremesser vert dekkja med disponible midlar frå budsjett 2016, avsett til tenesteområde 2015 – nyskaping.
 - b. Tilskotet til Framtidsfylket AS produksjon magasin vert dekkja med disponible midlar frå budsjett 2016, avsett til tenesteområde 2015 – nyskaping.
 - c. Tilskotet til Kystskogbruket vert dekkja med disponible midlar frå tidlegare år (utviklingsfond næring)
 - d. Tilskotet til Stiftinga Singerheimen vert finansiert slik:
100 000 kr - disponible midlar frå budsjett 2016, avsett til tenesteområde 7015 – nyskaping.
50 000 kr – frå tenesteområde 4005 som er midlar hovudutvalet for næring og kultur har til disposisjon.
 - e. Tilskotet til Sogn Regionråd og Ungt Entreprenørskap vert dekkja med disponible midlar frå budsjett 2016, avsett til tenesteområde 2015 – nyskaping.
7. Fylkesdirektøren set nærare vilkår i egne tilskotsbrev.

Vedlegg:

Søknad Framtidsfylket – Fylkesdekkande Karrieremesser
Søknad Framtidsfylket – magasinet #Utanfilter
Søknad om oppfølging av melding om kystskogbruket(2016-2020)
Søknad Singerheimen – støtte til utviklingsarbeid ved Singerheimen
Kulturhistorisk vurdering av Singerheimen
Søknad Entreprenøriell verktøykasse

Innhald

1. Søknad om støtte til framtidsfylket karrieremesser 2017 (Sakshandsamar: Ingvild Andersen) .. 2

2. Søknad om støtte til magasinet #utanfilet 2017	3
3. Oppfølging av Melding om kystskogbruket (2016-2020)	5
4 Søknad om støtte til utviklingsarbeid ved Singerheimen	10
5 Søknad Entreprenøriell verktøykasse.....	11

SAKSFRAMSTILLING

1. Søknad om støtte til framtidfylket karrieremesser 2017

(Sakshandsamar: Ingvild Andersen)

1.1 Bakgrunn

Framtidfylket AS søker om 200 000 kr i støtte til gjennomføring av karrieremesser i Bergen, Oslo og Trondheim i 2017.

1.2 Historikk

Fylkeskommunen har tidlegare støtta messene slik:

2016: Bergen, Oslo og Trondheim: Kr 200 000

2015: Bergen, Oslo og Trondheim: Kr 200 000

2014: Bergen, Oslo og Trondheim: Kr 225 000. Workshop knytt til messa i Bergen kr 17 350.

2013: Bergen og Oslo: Kr 215 000. Sogndal: Kr 65 000

2012: Bergen og Trondheim: Kr 115 000. Sogndal: Kr 65 000

2011: Bergen, Oslo og Trondheim: Kr 150 000. Sogndal: Kr 75 000.

2010: Bergen, Oslo og Trondheim: Kr 125 000.

1.3 Nærare omtale

Framtidfylket har sidan 2007 organisert eigne fylkesdekkande karrieremesser i studiebyane Bergen, Oslo og Trondheim. Responsen er bra og evalueringa tyder på at messene er innarbeidd som ein viktig møteplass for studentar, nyutdanna og næringslivet i Sogn og Fjordane. Dei seinare åra har det vore eit oppsving i tal utstillingsstandar i Bergen, medan det held seg stabilt i Oslo og Trondheim. Besøktala har gått opp for alle messene.

Målgruppa er først og fremst unge vaksne som er i utdannings- eller etableringsfasen. Messene utviklar seg i takt med målgruppa, og satsar på sosiale media og digital kommunikasjon. Døme frå 2016 er det magasinet #Utanfilter og kampanjen #beasognandfjording. I tillegg var Gründertorg ei nysatsing i 2016, der Innovasjon Noreg og Kunnskapsparken i Sogn og Fjordane kunne invitere utvalde gründerar frå fylket til messene. Dette held fram i 2017.

Prosjekt mål er auka tilflytting til fylket gjennom å synleggjere karrieremoglegheitene for nyutdanna, skape stoltheit om eige fylke og vise eit attraktivt fylke for bu og arbeid. Fleire verksemder rapporterer om tilsettingar som fylgje av kontakt etablert på messene.

1.4 Budsjett og finansiering

Kostnadsplan

Tittel	2016	2017	2018	SUM
Administrative utgifter	475 000			475 000
Marknadsføring	390 000			390 000
Bergen	464 000			464 000
Oslo	207 000			207 000
Trondheim	226 000			226 000
Sum kostnad	1 762 000			1 762 000

Finansieringsplan

Tittel	2016	2017	2018	SUM
Eigendel stands	1 322 000			1 322 000
Regionråda	240 000			240 000
Tilskot til nærings- og samfunnsutvikling 2016	200 000			200 000
Sum finansiering	1 762 000			1 762 000

1.5 Vurdering

Karrieremessene er ein del av den etablerte satsinga på rekruttering til Sogn og Fjordane. Dette er haldningsskapande arbeid som krev tolmod, profesjonalitet og kontinuitet. Framtidsfylket gjer ein god jobb med karrieremessene som har vorte ein viktig arena for nettverksbygging og ein inspirerande møtestad for næringsliv og potensielle arbeidstakarar. Framtidsfylket AS har dermed utvikla eit godt konsept, samtidig som dei fornyar seg i takt med målgruppa.

Framtidsfylket ser på fylkeskommunen som ein særskilt viktig støttespelar og meiner støtta har vore, og er, heilt naudsynt for suksess. Det er framleis viktig å peike på at messene har vorte eit årleg tiltak, og burde såleis vere implementert i det ordinære driftsbudsjettet til Framtidsfylket. Etter retningslinene for virkemiddelbruk skal ein i utgangspunktet ikkje gje driftsstøtte til eit tiltak i meir enn 5 år. I denne saka finn vi det likevel forsvarleg å gje støtte utover desse 5 åra. Dette ut frå at messene er eit viktig tiltak som har verknad for rekrutteringa i heile Sogn og Fjordane.

1.6 Tilråding

Fylkesdirektøren rår hovudutvalet for næring og kultur til at Framtidsfylket AS får tilskot på 200 000 kr til fylkesdekkjande karrieremesser i Bergen, Oslo og Trondheim i 2017. Tilskotet vert dekkja med disponible midlar frå budsjett 2016, avsett til tenesteområde 2015 – nyskaping.

2. Søknad om støtte til magasinet #utanfilter 2017

(Sakshandsamar: Ingvild Andersen)

2.1 Bakgrunn

Framtidsfylket AS søkjer om tilskot på 150 000 kr til å produsere andre utgåve av magasinet #Utanfilter, i trykt og digitalt format, for å bidra til eit sterkare omdøme av Sogn og Fjordane.

2.2 Historikk

- 2015: Tildelt tilskot på 150 000 kr for produksjon av første utgåve av magasinet #Utanfilter.
- 2010 – til dags dato: Tildelt årlege tilskot til Framtidsfylket Karrieremesser i storleiksorden 100 000 kr til 300 000 kr (Søknad av 2016 vert handsama i same sak som denne.)
- 2014: Tildelt tilskot på 150 000 kr til fornying av portal.

2.3 Nærare omtale

Framtidsfylket AS skal vere Sogn og Fjordane si eiga merkevare for jobb og rekruttering, og omfattar i dag portalen framtidsfylket.no, Framtidsfylket Trainee og Framtidsfylket Karrieremesser. Fylkeskommunen har gitt tilskot til Framtidsfylket Karrieremesser sidan karrieremessene starta opp for omlag 10 år sidan. Fylkeskommunen har også delteke i Framtidsfylket Trainee i fleire år, og fleire av traineeane har halde fram som tilsette i fylkeskommunen etter avslutta traineeperiode. Fylkeskommunen har også gitt tilskot til fornying av portalen Framtidsfylket.no. Framtidsfylket AS starta i 2015 med produksjon av eit magasin dei kallar #Utanfilter. Magasinet formidlar karrieremoglegheitene i fylket, og synleggjer livet og kvalitetane ved å bu i fylket. Magasinet legg også til rette for ei endring av omdømet til Sogn og Fjordane. Framtidsfylket vil vekk frå kom-tilbake-bodskap, lokkekampanjar og glansa framsider, og heller marknadsføre gode historier som implisitt formidlar verdiane og fordelane av eit liv i Sogn og Fjordane. Stikkord vil vere næringsliv, livsstil, oppvekst, samhandling, verdiar og gründerskap.

Magasinet vert produsert årleg og delt ut på karrieremessene, i tillegg til strategiske arenaer i fylket. Innhaldet vil Framtidsfylket ha ansvar for, med kjøp av noko eksternt journalistisk arbeid. Grafisk samarbeidspartnar er Artwerk frå Florø.

Målsetting:

- Tiltrekke potensielle tilflyttarar til Sogn og Fjordane
- Bygge intern stoltheit blant innbyggjarane i Sogn og Fjordane

Resultat:

- Få folk til å sjå på Sogn og Fjordane med eit friskare blikk. Vanskeleg målbart.

2.4 Budsjett og finansiering

Kostnadsplan

Tittel	2016	2017	2018	SUM
Administrasjon Framtidsfylket	120 000			120 000
Distribusjon				0
Grafisk arbeid	85 000			85 000
Redaksjonelt arbeid og foto	225 000			225 000
Trykk (5000stk)	60 000			60 000
Uføresett	30 000			30 000
Sum kostnad	520 000			520 000

Finansieringsplan

Tittel	2016	2017	2018	2019	SUM
Framtidsfylket	220 000				220 000
Sparebankstiftinga	150 000				150 000
Tilskot til nærings- og samfunnsutvikling 2016	150 000				150 000
Sum finansiering	520 000				520 000

2.5 Vurdering

Framtidsfylket har bygd opp ein portefølje av verktøy som alle siktar mot same mål; å rekruttere unge vaksne til Sogn og Fjordane. Karrieremessene, traineeordninga, portalen og magasinet må sjåast i samanheng når vi vurderer verknaden Framtidsfylket sitt arbeid har for Sogn og Fjordane. Synergieffekten av tiltaka har ført til jamt aukande besøkstal til karrieremessene, stadig nye traineebedrifter og ei sterk omdømmebygging av fylket som vanskeleg let seg måle. Framtidsfylket AS har utvikla eit godt konsept, samtidig som dei fornyar seg i takt med målgruppa.

Framtidsfylket si målsetting er heilt i tråd med verdiskapingsplanen, og dei treff godt på retningsliner for virkemiddelbruk.

2.6 Tilråding

Fylkesdirektøren rår hovudutvalet for næring og kultur til at Framtidsfylket AS støttast med 150 000 kr til produksjon av magasinet #Utanfilter. Tilskotet vert dekkja med disponible midlar frå budsjett 2016, avsett til tenesteområde 2015 – nyskaping.

3.Oppfølging av Melding om kystskogbruket (2016-2020)

(Sakshandsamar: Ingeborg Lysne Mcevoy)

3.1 Samandrag

Kystskogbruket er eit fylkeskommunalt samarbeid som jobbar for at potensialet i skogbruket langs kysten skal realiserast. Alle kystfylka frå Finnmark i Nord til Aust - Agder i sør er med i dette samarbeidet. Kystskogbruket er eit samarbeid mellom fylkesmennene, fylkeskommunane og næringsorganisasjonen Skognæringa Kyst .

Fylkestinget i Sogn og Fjordane gjorde endeleg vedtak om å slutte seg til « Melding for kystskogbruket » i sak 20/15 i møte den 16.06.15. Det vart vidare vedteke at fylkeskommunen vil følgje opp Kystskogmeldinga i samarbeid med dei andre deltakande fylkeskommunane. Kystskogbruket søkjer om kr 600 000 for oppfølging av fylkeskommunalt oppfølgingsprogram for ein femårig prosjektperiode, 2016-2020. Det er Nord - Trøndelag fylkeskommune som står som søkjar på vegne av Kystskogbruket.

3.2 Bakgrunn for saka

Skogen gror godt langs kysten. Som resultat av den store skogreisinga midt på 1900-talet vil kystfylka om nokre tiår ha nær halvparten av det produktive skogarealet i landet. Likevel har skognæringa tradisjonelt betydd mindre langs kysten enn i innlandet. For å utnytte det veksande potensialet, gjekk alle fylka langs kysten - frå Vest-Agder til Finnmark – for nokre år sidan saman og laga «Melding om kystskogbruket». Fylkesutvalet i Sogn og Fjordane slutta seg til denne i 2008. Kystskogmeldinga vart laga for å vise fram næringspotensialet i skogen langs kysten, kartlegge flaskehalsar og foreslå tiltak for å auke aktiviteten.

Tidlegare vedtak:

- 2008: FU-sak 82/08
- 2012: HPN sak 65/12
- 2012: HPN sak 58/12, tilsegn på kr 185 000,- samla for 1. til 3. program år.
- 2013: HPN sak 85/13, kystskogbruket fekk kr 75 000,- til fylkeskommunalt oppfølgings-program. Tilskotet vart dekkja med disponible midlar frå tidlegare år.
- 2014: HPN sak 17/14: Kystskogbruket fekk kr 70 000,- til infrastrukturprogrammet.
- 2014: HPN sak 43/14: Rullering av melding, kr 140 000 til Kystskogbruket.
- 2015: Fylkestinget sak 20/15 – sjå vedtak i punkt 2.

3.3 Om søknaden

Oppfølgingsarbeidet er planlagt som eit fireårig samarbeidsprosjekt frå 2016 til 2020, retta mot skog og trenæringa langs kysten. Ti fylkeskommunar står saman om oppfølgingsarbeidet. I tillegg til fylkeskommunane legg skognæringa ned eigne ressursar som matchar den fylkeskommunale andelen, i å følgje opp Kystskogmeldinga. Både Kystskognæringa Kyst og dei fylkesvise skognæringsforuma deltek aktivt i arbeidet. Fylkesmennene bidreg med faglege råd og tek utviklingsansvar i kraft av sin rolle i det regionale partnerskapet. Der det er naturleg vil andre aktørar bli invitert.

Kystskogmeldinga frå 2008 la eit grunnlag for engasjement og vellukka samarbeid mellom fylkeskommunane, næring og kommunal og statleg forvaltning. Etter 8 år var det tid for å revurdere målsetninga, prioriteringar og plattform for vidare samarbeid, og det blei vedteke å rullere kystskogmeldinga. Fylkeskommunen slutta seg til denne meldinga i 2015, endeleg vedtak i sak 20/15 i Fylkestinget lyder som følgjer:

1. Sogn og Fjordane fylkeskommune sluttar seg til Melding om kystskogbruket 2015

2. Sogn og Fjordane fylkeskommune vil følgje opp Kystskogmeldinga i samarbeid med dei andre deltakande fylkeskommunane.

Prosjekt mål

Prosjekt målet er meldinga sitt hovudmål, delmål, strategiar og prioriterte anbefalingar. I det vidare arbeidet med å følgje opp meldinga vert det utarbeidd ein plan for oppfølging av dei prioriterte anbefalingane. For det fylkeskommunale arbeidet vert dette kalla fylkeskommunalt oppfølgingsprosjekt (FKO).

Hovudmål

- Verdiskapinga i Kystskogbruket skal firedoblast fram til 2045.
- Kystskogen sitt karbonlager skal auke og trevirke skal i aukande grad erstatte mindre klimavennlege material og energikjelder.

Delmål

1. Kystskogen sitt produksjonspotensial og skogressursar skal utnyttast. Det skal sikrast auka skogproduksjon og råstoff forsyning på kort og lang sikt.
2. Auka bruk av tre og produkt av tre. Marknaden skal ha eit tilbod av konkurransedyktige produkt av fornybare materiale med eit positivt CO₂ – avtrykk
3. Rammevilkårs om gjev konkurransekraft for heile verdikjeda
4. Auka vidareutvikling og innovasjon i verdikjedene
5. Bidra til å utvikle ein nasjonal skogeiarpolitikk
6. Etablere og avsette til klimaskogar 1 million dekar med ein opptrapping til 5 millionar dekar i løpet av dei kommande 50 år

Fylkeskommunalt oppfølgingsprosjekt (FKO)

Fylkeskommunalt oppfølgingsprosjekt 2016-2020 konkretisar det vidare arbeidet i oppfølging av Kystskogmeldinga 2015. Prosjektet har ein tidshorisont på 4 år. Felles oppfølging bidreg til at Fylkeskommunane saman tek rolla som utviklingsaktør innan skog- og trenæringa.

Arbeidsmåtar

- Politisk samarbeid med nasjonale styresmakter
FKO følgjer opp skogpolitiske spørsmål i meldinga. Skog- og tresatsinga er ei nasjonal satsing. Om ein skal nå måla må Kystskogmeldinga bidra med meir skog på dei mest produktive areala. Skogen langs kysten blir no etter kvart hogstmoden og gjev eit godt grunnlag for auka uttak av fornybart, klimariktig råstoff til auka verdiskaping. Det er eit fylkeskommunalt ansvar at nasjonal skogpolitikk og satsing treff kystskogbruket sine utfordringar og potensiale.
- Fellesfylkeskommunal jobbing – fylkeskommunen som regional utviklingsaktør
Fylkeskommunane har ansvar for regional utvikling. Det inneber også ansvar for regional utvikling av skognæringa. I samarbeid med det regionale partnerskapet utarbeidet fylkeskommune regionale næringsstrategiar. Kystskogmeldinga er ein av fylkeskommunane sine næringsstrategiar.
- Fylkeskommunen som forvaltning- og tenesteaktør
Fylkeskommunane har ei rekkje ansvarsområde som omhandlar skognæringa i større eller mindre grad. Eksempel på slike ansvarsområde er:
 - transporttenester og fylkesvegar: her tek meldinga føre seg anbefalte prioriteringar når det gjeld flaskehalsar på offentleg vegnett, samt innkjøpsstrategiar ved bestilling av transporttenester som bidreg til lav klima- og miljøpåverknad
 - vidaregåande opplæring : samarbeid med skognæringa er viktig for å møte behov for kompetanse i næringa
 - byggeigar- og forvaltarar: fylkeskommunen er pålagt ved lov å ta omsyn til livssyklus-kostnader og miljømessige konsekvensar ved innkjøp jfr. Lov om anskaffelser

- Innkjøp: fylkeskommunen har eigen innkjøpsseksjon som har ansvar for rammeavtalar på forbruksvarer og tenestekjøp og hjelpe fylkeskommunen sine verksemder og samarbeid med kommunar i innkjøpsprosessar.

Forankring

Melding om kystskogbruket vart endeleg vedteke i Fylkestinget i sak 20/15. I løpet av 2015 har alle fylkeskommune vedteke meldinga og sagt at dei ynskjer å delta i oppfølgingsarbeidet. Fylkeskommunane har vidare oppnemnt kvar sin politiske representant i styringsgruppa. Representant frå Sogn og Fjordane er Erlend Haugen Herstad. Det er også etablert eit administrativt nettverk mellom fylkeskommunane. Det administrative nettverket er sett saman av sakshandsamarar og er det administrative leddet for mottak av informasjon, rapportering, sakshandsaming og oppfølging av kvart fylke. Deltakar i nettverka er også sentrale kontaktar for skognæringa i fylka. Skognæringa Kyst og fylkesmennene si faglege styringsgruppe samarbeidar om å følgje opp Melding om kystskogbruket.

Prosjektleiing og samarbeidspartnarar

Nord-Trøndelag fylkeskommune har sagt seg villig til å ta eit særleg ansvar for å huse og ivareta oppfølginga av det fylkeskommunale kystskogarbeidet gjennom FKO. Det er inngått ein samarbeidsavtale mellom FKO og Skognæringa Kyst om oppfølgingsarbeidet. Nord-Trøndelag fylkeskommune er difor prosjektansvarleg (PA) for prosjektet Felles Fylkeskommunalt Oppfølgingsprogram (FFO). Skognæringa Kyst er prosjektleiar (PA) for prosjektet. Meldinga vert følgd opp i nært samarbeid med aktørane som deltek i Kystskogsamarbeidet.

Aktivitetar

- Årlige handlingsplaner
- Årsbudsjett og langtidsbudsjett
- Rapportering
- Årsmelding og årsregnskap
- Prosjektrapportering

1. Prosjektleiing- verdikjede og nettverk

Kystskogbruket er ein del av fylkeskommunen sitt ansvar og FKO er ein viktig del av eit regionalt partnerskap i fylket

Prioriterte tiltak

- 1.1. Følgje opp nasjonal skogpolitikk med omsyn til behova i kystområda
- 1.2. Tett samarbeid mellom næringa, fylkesmennene og politikarane for å synleggjere mulighetene og utfordringane for treffsikker skog- og næringspolitikk i kystregionen
- 1.3. Fylkeskommunane sitt nettverkarbeid vert vidareført gjennom FFO
- 1.4. Auka nettverkssamarbeid mellom dei fylkesvise/regionale næringsklyngene og Skognæringa Kyst SA. Fortsatt fokus på verdikjedesamarbeid for auka aktivitet og verdiskaping

2. Infrastruktur

Kystskogområda har lav skogbilvegsdekning pr. arealeining i forhold til skogstrøka. Skogbilvegar sikrar tilgang til skogressursane og har stor innverknad på kostnadar ved hogst og framkøyring av tømmer. Tilstrekkeleg skogbilvegdekning er viktig for å utnytte og auke kapasiteten i driftsapparatet. Det er behov for ein ekstraordinær satsing på infrastruktur, både i skogen, og frå skogen til industri: skogbilvegar, utbetring av flaskehalsar på vegnettet, tømmerkaier og terminalar.

Prioriterte tiltak:

- 2.1. Det er behov for firedobling av skogsvegbygging i 20 år framover. Ekstraordinær satsing på infrastruktur er naudsynt for å få tilsvarande vegdekning som i landet elles.
- 2.2. Kystskogbruket sitt infrastrukturprogram skal følgjast opp med handlingsplan og konkrete tiltak for skogsbilvegar, tømmerkaier og flaskehalsar på offentleg vegnett. Vegplanlegging og taubanedrift må sjåast i samanheng. Sikre forutsigbare driftsformer i bratt terreng og utvikle taubanemijøet i landet.
- 2.3. Kostnadseffektiv og miljøvennleg råvareflyt til industrien krev ein stor nasjonal offensiv for utbetring av flaskehalsar på det offentlege vegnettet og ein nasjonal flaskehalsanalyse.

3. Skog og klima

Skogen i Norge fangar rundt halvparten av dei totale nasjonale CO2 utsleppa som er på ca. 50 mill. tonn. Planmessig klimaskogsatsing på kysten står fram som eit kostnadseffektivt tiltak som vi kan gjennomføre innlands for å binde CO2 frå atmosfæren. Planting av skog på gjenogroingsareal er eit godt «føre-var-tiltak». Kystskogbruket si anbefaling er at 5 mill. dekar av attgroingsareal langs kysten vert nytta til klimaskog dei kommande 50 år.

Prioriterte tiltak

- 3.1. Kystskogbruket skal vere pådrivarar i prosessen for å etablere eit nasjonalt finansiert klimaskogprogram
- 3.2. Det vert etablert klimaskogar i alle kystfylka. Som ein del av oppfølgingsarbeidet med meldinga skal det arbeidast aktivt med motivasjon og informasjon, erfaringsoverføring og rettleiing. Ein del av oppfølginga skal bidra til å etablere ei ordning for frivillig kjøp av klimakvoter i klimaskog frå skognæringa og fylkeskommunane.
- 3.3. Mulegheitsrommet i Plan- og bygningslova vert utreda for å stille krav om fornybare material med positivt CO2 fotavtrykk. Livsløpsanalyse for bygg (LCA- analyser) inkl. gjenvinning til energi er ynskjeleg. Spesielt skal ein sjå på mulegheiter i område- og detaljplanlegginga.
- 3.4. Fylkeskommunane vert oppfordra til å etablere ein overordna innkjøpspolitikk og innkjøpsstrategi der klima- og miljøpåverknad må vere viktige mål- og satsingsområde for innkjøpsverksemda.

4. FOU, innovasjon og trebruk

Kysten har historisk sett hatt stor verdiskaping. I dag er det også store utviklingsmiljø lokalisert i regionen. For skognæringa vil desse miljøa vere viktig i arbeidet med utvikling. Samtidig er den aukande merksemda rundt bioøkonomi og det grønne skiftet positivt for skognæringa, ei næring basert på fornybare ressursar med mulegheiter som gjev godt miljø og vinst for klimaet. Med unntak av Trøndelagsregionen er skogbruket ungt og umodent langs kysten Dette skuldast at den omfattande nasjonale satsinga på oppbygging av ressursar på 50- talet og fram til 90- talet fyrst no byrjar å gje mulegheiter for utvikling i større skala. Dette gjev eit stort potensiale for verdiskaping knytt skog langs heile kysten.

Prioriterte tiltak:

- 4.1. Auka fokus på byggemateriale med positive CO2-fotavtrykke er naudsynt for at byggsektoren skal bidra til å løyse klimautfordringane. Krav om livsløpsanalyser ii teknisk forskrift (TEK) er viktig for å synleggjere kva fortrinn tre har.
- 4.2. Tettare samarbeid mellom treindustrien og byggjeverekjeder, entreprenørar, arkitektar, utbyggjarar etc. for å utvikle marknad og produkt. Etablere fleire verdikjede- og klyngeutviklingssamarbeid i kystregionen, f. eks. AREN A prosjekt.
- 4.3. Etablere eit industrifond for skognæringa i tråd med SKOG22 anbefalingar.
- 4.4. Det er behov for å sjå på sama investerings- og utviklingsmidlar til næringa. Behova i Kystskogbruket er ulike og det er ynskjeleg med ei brei tilnærming for å kunne utvikle ordningar som treff dei ulike behova.
- 4.5. Kontinuerleg kontakt mellom næringa, og regionale og nasjonale politikarar, for å sikre forståing og gjennomslag for målretta skogpolitikk.

4.6. Opprette eit FoU-program for kystskogbruket for å stimulere til auka samhandling og større merksemd på dei mulegheitene som ligg i skognæringa si oppbyggingsfase på kysten.

Kystskogbrukets FoU-program bør bli innretta i grensesnittet mot andre næringar på kysten og samtidig legge til rette for ein utvikling av eksisterande trebrukande industri.

4.7 Bidra til felles strategiske utviklingsprosjekt ved at forskningstema i skog- og trenæringa får større merksemd i regionale FoU-fond.

4.8. Søke å etablere en felles utlysning i dei regionale FoU- fond retta inn mot utviklingsprosjekt i skognæringa sine verdikjeder og klynger.

4.9. Betre finansieringsordningar for FoU-aktivitet knytt til kortsiktige innovasjons- og utviklingsprosjekt i eksisterande skog - og trebasert industri.

Resultat og effektar

Følgjande er eksempel på kva ein har oppnådd med etablering av Kystskogbruket så langt:

- Etablering av skognæringsforum i alle fylka som bidreg til
 - Klyngelogikk(«aktivt arbeid i lag»)
 - Nettverksbygging/klyngeutvikling (kultur for samarbeid)
 - Kunnskapsutvikling, informasjon og –formidling
 - Fremme næringspolitikk, påverke politiske- og forvaltningsmessige forhold
- Infrastruktur: Statleg støtte på ca. 100 mill. kr til tømmerkaier, av dette har ca. 50 mill. kr har gått til kystskogfylka. I tillegg utløyer dette midlar frå andre offentlege aktørar og næringa sjølv. Utbygging av tømmerkaier gjev store innsparingar i transportkostnader.
- Statlig støtte til skogsvegar: På statsbudsjettet i 2013 var dette på totalt 79 mill. kr I 2015 er denne støtta på 121 mill. kr over halvparten av dette går til kystskogfylka.
- Pilotprosjekt - skog klima: Prosjekt finansiert med 15 mill. kr frå Klima- og miljødepartementet for 2015. Prosjektet har fokus på planting av skog på nye areal som klimatiltak.
- Trebruk- og utviklingsprogram – Arena for klyngesatsing og innovasjon i Trøndelag

Skog- og trenæringa i kystskogbruket har eit økonomisk omsetningspotensiale på ca. 60 mrd. kr per år dersom vi legg SKOG22 sine føresetnader til grunn. Dette er ein firedobling frå nivået i 2011 på 15,9 mrd. kr, som er verdiskapinga eksklusive ringverknadar.

Skognæringa i kystskogfylka skapte produksjonsverdiar for 20,7 mrd. kr i 2011, dette er inkludert ringverknadar. Verdiskapinga har vore varierende dei siste åra, men kystskogindustrien har hatt betre utvikling enn landet elles. Kystskogbruket sin del av norsk produksjon og sysselsetning har vore aukande over tid.

3.4 Budsjett og finansiering

Kostnadsplan

Tittel	2016	2017	2018	2019	2020	SUM
FoU, innovasjon og trebruk	337 500	675 000	675 000	675 000	337 500	2 700 000
Infrastruktursatsing	37 500	75 000	75 000	75 000	37 500	300 000
Prosjektledelse og nettverk	225 000	450 000	450 000	450 000	225 000	1 800 000
Skog og Klima	150 000	300 000	300 000	300 000	150 000	1 200 000
Sum kostnad	750 000	1 500 000	1 500 000	1 500 000	750 000	6 000 000

Finansieringsplan

Tittel	2016	2017	2018	2019	2020	SUM
Finnmark fylkeskommune	75 000	150 000	150 000	150 000	75 000	600 000

Hordaland fylkeskommune	75 000	150 000	150 000	150 000	75 000	600 000
Hordaland fylkeskommune	75 000	150 000	150 000	150 000	75 000	600 000
Nordland fylkeskommune	75 000	150 000	150 000	150 000	75 000	600 000
Nord-Trøndelag fylkeskommune	75 000	150 000	150 000	150 000	75 000	600 000
Rogaland fylkeskommune	75 000	150 000	150 000	150 000	75 000	600 000
Sogn og Fjordane fylkeskommune	75 000	150 000	150 000	150 000	75 000	600 000
Sør-Trøndelag fylkeskommune	75 000	150 000	150 000	150 000	75 000	600 000
Troms fylkeskommune	75 000	150 000	150 000	150 000	75 000	600 000
Vest-Agder fylkeskommune	75 000	150 000	150 000	150 000	75 000	600 000
Sum finansiering	750 000	1 500 000	1 500 000	1 500 000	750 000	6 000 000

3.5 Vurdering og konsekvensar

Sogn og Fjordane fylkeskommune har i fleire år vore med i arbeidet med Kystskogbruket og har gjennom eit politisk vedtak forplikta seg til å følgje opp samarbeidet med dei andre fylkeskommunane. Søknad om midlar var venta sidan fylkeskommunen slutta seg til Melding av Kystskogbruket i 2015 og fylkesdirektøren ser det som ei naturleg oppfølging at vi følgjer opp med eit tilskot. Det vert økonomisk utfordrande å støtte for heile prosjektperioden, fylkesdirektøren vil derfor innstille på å gje støtte for 2016 og 2017 til å byrje med, til saman 225 000 kr. Søkjar kan søke om støtte for resten av prosjektperioden i 2017. Fylkeskommunen vil då ta stilling til om vi skal delta vidare. Midlane har dei tidligare år vorte dekkja av midlar frå utviklingsfondet, det vil det bli denne gongen også om hovudutvalet sluttar seg til fylkesdirektøren si tilråding.

3.6 Konklusjon

Søknaden frå Kystskogbruket vert støtta med 225 000 kr for å dekkje fylkeskommunen si deltaking i prosjektet for 2016 og 2017. Tilskotet vert dekkja med disponible midlar frå tidlegare år (utviklingsfond næring)

4 Søknad om støtte til utviklingsarbeid ved Singerheimen

(Sakshandsamar: Arlen Synnøve Bidne)

Stiftinga Singerheimen har i brev av 10. juni 2016 søkt om 150 000 kr til utgreiingsarbeid i samband med utviklinga av den vidare drifta av Singerheimen. Bakgrunnen for søknaden er stiftinga sine utfordringar i samband med forfall i bygningsmassen, økonomi til vedlikehald og oppgradering, overnattingskapasitet og kort sesong. Stiftinga er i dag avhengig av eit årleg driftstilskot frå både fylkeskommunen og Stryn kommune. Sogn og Fjordane fylkeskommune har i 2016 løyvd 250 000 kr i driftstilskot til stiftinga. Styret hadde den 13. mai 2016 eit møte med næring- og kulturavdelinga i fylkeskommunen vedrørande det omsøkte tiltaket. I etterkant av møtet har fylkeskommunen utarbeidd ei kulturhistorisk vurdering og ei skisse til vedlikehaldsplan for anlegget.

Stiftinga Singerheimen ynskjer no å gjennomføre eit utgreiingsarbeid i samband med planlegginga for den vidare drifta. Utgreiingsarbeidet er planlagt å omhandle planskisser over bygningar og potensiale med kalkylar/kostnadsoverslag, oversyn over naudsynt vedlikehald med kostnadsoverslag, partnersøk og presentasjon til aktuelle investormiljø.

4.1 Singerheimen

Den tidlegare bustaden til ekteparet Singer i Olden er eit særmerkt kulturminne som fortel om ein svært spesiell historie i fylket. Ekteparet Singer kom frå USA og i svært mange år budde dei i Olden om somrane, der William Singer arbeidde med måleria sine. Deira liv i Olden påverka mange av dei som budde i området då dei var ein stor arbeidsgjevar og ved at dei bidrog med store summar til samfunnsnyttige tiltak som bygginga av Nordfjord sjukehus og forskoteringa av veggen Olden – Innvik.

I Olden bygde dei opp gardsbruket Dalheim, i dag omtala som Singerheimen. Anlegget består av totalt 9 bygningar av ulik storleik, med den store villaen som det naturlege midtpunktet. I tillegg til villaen er det spesielt driftsbygningen og bungalowen som har trekk frå samtidas amerikanske arkitektur og byggeskikk. Fleire av dei andre bygningane er i hovudsak prega av den vestlandske byggesikken. Eit særtrekk med husa i tunet er den skarpe grønfargen som alle er måla i, denne fargen er med på å skape ein heilskap i tunet sjølv om det består av mange svært ulike bygningar. I tillegg var det eit stort opparbeidd hageanlegg og delar av dette er framleis bevart.

Etter at fru Singer døydde i 1962 vart anlegget testamentert til Nordfjord sjukehus til bruk som kvile- og rekreasjonsstad for dei tilsette ved sjukehuset. I dag er anlegget eigd av ei stifting som driv det i tråd med føringane i testamentet og med driftstilskot frå fylkeskommunen og kommunen. På bakgrunn av historia til anlegget og at alle bygningane er svært godt bevart vurderer fylkeskommunen anlegget til å vere eit kulturminne av nasjonal interesse. For meir informasjon om anlegget sjå vedlagt kulturhistorisk vurdering.

4.2 Vurdering av søknaden

På bakgrunn av dei driftsmessige utfordringane ved Singerheimen ser fylkesdirektøren det som fornuftig at det vert gjennomført eit grundig utgreiingsarbeid over potensialet ved eigedomen, ei meir detaljert oversikt over nødvendig vedlikehaldsarbeid og søking etter nye samarbeidspartnarar. Bygningane er i dag svært godt bevart frå den tida ekteparet Singer budde her. Dette saman med historia om dei er det som gjer eigedomen interessant i både eit kulturhistorisk perspektiv og i eit næringsperspektiv.

I samband med vidare utvikling av drifta av anlegget er det etter fylkesdirektøren si vurdering viktig at ein tek utgangspunkt i dei kulturhistoriske verdiane i anlegget og at dei legg premissane for val i samband med planlagde tiltak. På den måten vil ein kunne utvikle eigedomen på ein slik måte at dei kulturhistoriske verdiane i den vert tatt vare på, samstundes som dei vil bidra til å styrke Singerheimen som eit unikt opplevingsprodukt. Dette kan gjerast ved å ta utgangspunkt i dei råda fylkeskommunen gav i si kulturhistoriske vurdering som vart sendt stiftinga 1. juli 2016.

4.3 Konklusjon

Fylkesdirektøren ser behovet for å utvikle drifta i tråd med føringane for stiftinga og dei kulturhistoriske verdiane i anlegget og rådar difor hovudutval for næring og kultur til å løyve 150 000 kr i støtte til det omsøkte utviklingsarbeidet ved Singerheimen.

Tilskotet til vert finansiert slik:

- 100 000 kr- disponible midlar frå budsjett 2016, avsett til tenesteområde 7015–nyskaping.
- 50 000 kr – frå tenesteområde 4005 som er midlar hovudutvalet for næring og kultur har til disposisjon.

5 Søknad Entreprenøriell verktøykasse

(Sakshandsamar: Jo-Andreas Meisfjordskar)

Entreprenøriell verktøykasse er eit pilotprosjekt i regi av Sogn regionråd og Ungt Entreprenørskap Sogn og Fjordane. Regionrådet har vedteke prosjektet som eit av dei viktigaste tiltaka for skule- og samfunnsutvikling i region Sogn i 2016 - 2017. Norsk skule har i dag ingen direkte koplinga mellom entreprenørielle aktivitetar og måla i læreplanen. Søknaden adresserar dette. Å synleggjere korleis skulane når måla i læreplanen med entreprenørskap som metode kan hjelpe dei å bli meir entreprenørielle og utviklingsorienterte.

5.1 Nærmare om søknaden

Kommunane i Sogn har sidan 2006 drive eit aktivt arbeid med barnehage- og skuleutvikling. Det er eit tett samarbeid med kommunalsjefane (barnehage- og skuleeigarane). I tillegg har eit eige programstyre gjennomført langsiktig kvalitetsutvikling i forpliktande samarbeid med andre utviklingsaktørar. Høgskulen i Sogn og Fjordane og Ungt Entreprenørskap har vore aktivt med i programstyret sidan 2006. Entreprenørskap er til stade i fleire av måla i læreplanen. Utfordringa har vore å skape ei direkte kopling til entreprenørielle aktivitetar. Prosjekt «entreprenøriell verktøykasse» skal synleggjere korleis mål i læreplanen kan bli realisert ved bruk av entreprenørskap som metode.

Der er to hovudmål med prosjektet "Entreprenøriell verktøykasse":

1. Prosjektet skal synleggjere kva mål i dei spesifikke læreplanmåla for kvart fag på 1.-10. trinn i grunnskulen kan oppnå og realisere, med bruk av pedagogisk entreprenørskap som metode.

2. Prosjektet skal synleggjere, dokumentere og vise verktøy, arbeidsmåtar og eit utval av metodar skular kan nytte i arbeidet med å nå måla i læreplanen med bruk av entreprenørielle verktøy som metode.

Gjennomføringa av dette prosjektet skjer i nært samarbeid med Vik kommune og Feios skule.

Dette prosjektet går over eit skuleår, frå 01.08.2016 – 31.07.2017. Det blir etablert ei prosjektgruppe og ei referansegruppe. Feios skule i Vik kommune er den gjennomførande part i prosjektet.

5.2 Budsjett og finansiering

Kostnadsplan

Budsjettpost	2016	2017	2018	2019	2020	SUM
Administrative kostnader	3 500	3 500				7 000
Arbeidstid i prosjektgruppa	20 000	30 000				50 000
Arbeidstid i referansegruppa	20 000	40 000				60 000
Faglitteratur	2 000	1 000				3 000
Frikjøp av pedagogisk personale	40 000	80 000				120 000
Kostnader til hospitering	25 000	25 000				50 000
Transport	15 000	15 000				30 000
SUM kostnader	125 500	194 500				320 000

Finansieringsplan

Finansieringspost	2016	2017	2018	2019	2020	SUM
Tilskot til nærings- og samfunnsutvikling 2016	50 000					50 000
Sogn regionråd	15 500	24 500				40 000
KS- OU midlar	50 000					50 000
Ung Entreprenørskap S&F	10 000	70 000				80 000
HiSF referansegruppa		10 000				10 000
Vik kommune		90 000				90 000
SUM finansiering	125 500	194 500				320 000

5.3 Vurdering

Prosjektet er eit initiativ som sett søkelyset på eit spennande område innanfor distriktsutvikling i Sogn og Fjordane. Aktivitetane er godt forankra både i skulane og Sogn regionråd.

Finansieringsplanen viser at prosjektet har fått god støtte frå andre partar, men sidan prosjektet skal ha god regional forankring kan det vere eit verdifult tilskot å ha med fylkeskommunen som støttespelar. I tillegg har problemstillinga å skape fleire entreprenørar noko som har vore vanskelig for fylket i lengre tid. Dette prosjektet kan difor fungere som eit godt bidrag til dette og vil vere eit godt initiativ frå fylkeskommunen.

5.4 Framlegg til vedtak

Fylkesdirektøren rår hovudutvalet for næring og kultur til at Sogn regionråd og Ungt Entreprenørskap får tilskot på 50 000 kr til Entreprenøriell verktøykasse. Tilskotet vert dekket med disponible midlar frå budsjett 2016, avsett til tenestemråde 2015 – nyskaping.